

**Gode kollegar!**

**Siste info før påske!**

## **Lab-info frå Helse Førde**

Laboratoria i Helse Førde har gode og oppdaterte nettsider der bl.a. viktige nyhender frå laboratoria blir lagt ut. Dei sender ut labinfo til dei som abonnerer på nyhendebrevet. Her finn ein også oppdatert info om prøvetransporter bl.a. i påska. Sjå nettside her og gjer deg kjent med bruken, og meld deg på nyhendebrevet frå same sida.

<https://labanalyse.helse-forde.no/labinfo/>

---

## **Ryggkirurg til Helse Førde**

Kari Anne Indrebø, avdelingssjef ved ortopedisk avdeling har sendt ein epost til PKO der ho skriv: " Eg vil informere om at vi frå haust/vinter 2021/2022 har på plass overlege med kompetanse på ryggkirurgi. Nils Richter er ferdig spesialist til hausten, og vil få i oppgåve å organisere utgreiing og behandling av ryggpasientar i ortopedisk avdeling. Nøyaktig korleis organiseringa blir, har vi altså ikkje oversikt over enda. Vi kjem tilbake med meir informasjon når det nærmar seg."

---

## **Ambulansetenesta sine akuttprosedyrer er tilgjengeleg for allmennlegar**

Ambulansesjef i Helse Førde Stian Sægrov har kommunisert med PKO vedr kjennskap ute til prosedyrer, tilgjengelege medikamenter etc i ambulansane. Han skriv ma: "Tiltaksboka til Helse Førde og ambulansetenesta ligg open. I fleire år har vi reklamert for denne. Den skal ha blitt delt ut generell pålogging til i fleire omgangar. Både i akuttmedisinsk samhandlingsforum og til deltakarar på akuttmedisinkurs. Tipset er å laste ned appen Bliksund App, eller vel linken: Bliksund GRiD (bliksundweb.no)" Pålogging skal vere kjent - om ikkje snakk med legevaktsansvarleg lege i kvar kommune.

[Tiltaksbok Ambulanse Helse Førde 240221.pdf](#)

---

## **eMeistring - vegleia internettbehandling for psykiske lidingar i i spesialisthelsetenesta i Helse Førde**

Evidensbasert behandling for sosial angst, depresjon og panikkkliding  
Er utvikla av Tine Nordgreen i Helse Bergen HF sidan 2012  
Tilbodet startar opp i Helse Førde frå 05. april 2021. Tilvising skjer som ved vanlege tilvisingar til  
DPS/psykiatriske poliklinkkar.

[eMeistring - orientering til fastlegar.pdf](#)

---

## Diverse lokal informasjon om Covid-19 på samhandlingssidene

- bl.a. referat frå møter i Taktisk samhandlingsgruppe – nyttig samhandlingsinfo til allmennlegar om Covid 19 handtering i Helse Førde området.

<https://samhandling-sfj.no/status-og-informasjon-om-samhandling-rundt-covid-19/>

## PKO kalender

### Diabetesforum 2021

Dato: 27.-29. april

Digitalt emnekurs til spesialitet i allmenntmedisin

Diabetesforum vil for aller første gang gjennomføres som en digital konferanse. Konferansen er for helsepersonell som er opptatt av diabetesforskning eller jobber med personer som lever med diabetes.

Diabetesforum 2021 arrangeres av Diabetesforbundet i samarbeid med Helsedirektoratet.

[Diabetesforum 2021, 27.-29. april | Diabetesforbundet](#)

#### Les meir på

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

#### Arkiv «Nytt frå PKO»

<https://samhandling-sfj.no/samhandlingstiltak/praksiskonsulentane/>

Med helsing

#### Normund Rolleiv Svoen

Praksiskonsulent/Leiar fror PKO i Helse Førde

Mobil 95770807

Privat epost: [svoens@gmail.com](mailto:svoens@gmail.com)

Virtuelt møterom: 997564

<https://helse-forde.no/samhandling-i-sogn-og-fjordane/praksiskonsulentordninga-pko>

Helse Førde HF

<https://helse-forde.no/>

